

Informasjon om bispekandidater

Sigrud Sigmundstad





DEN NORSKE KIRKE
Stavanger bispedømmeråd

Bispenominasjon i Stavanger

curriculum vitae

NAVN: SIGRID SIGMUNDSTAD

PERSONLIGE OPPLYSNINGER

Fullt navn: Sigrid Sigmundstad

Fødselsdato: 13.10.58

Adresse: Fisterhammaren 8, 4139 Fister

Mobiltelefon: 90871457

E-post: sigrid@hjemmeland.kyrkja.no

Nåværende stilling: Prost i Ryfylke

Ordinasjonsdato: 04.01.85

Ordinasjonssted: Fister kyrkje

UTDANNING

Årstall	Studium	Stuedsted	Karakter
1983	Teologisk embetseksamen	Det teologiske menighetsfakultet	
1984	Praktisk teologiske eksamen	Det teologiske menighetsfakultet	

ANDRE KURS OG ANNEN FAGKOMPETANSE MED RELEVANS FOR BISPETJENESTEN

1989	Pastoralklinisk utdanning (PKU) PF (Harstad)		
1999	Pastoralklinisk utdanning (PKU)	Institutt for sjelesorg og Modum Bad	
2002	Videregående PKU	Lovisenberg diakonale sykehus	
2004	Mellomfag dramapedagogikk	Høgskulen i Volda	
2008	Profesjonsutøvelse og prestetjeneste i helse- og sosialsektoren	Det teologiske menighetsfakultet	
2010	Godkjenning i «Spesialkompetanse i praktisk prestetjeneste»		
2008-	Utdanning i Integrativ terapi	Norsk forening for integrativ terapi (NFIT) i samarbeid med FPI/EAG, Düsseldorf	

ARBEIDSERFARING

Årstall	Stillingsbetegnelse	Arbeidsgiver
2013-	Prost, Ryfylke prosti	Stavanger bispedømme
2000-2013	Sjukehusprest, Volda sjukehus;	Helse Sunnmøre HF
1995-2000	Kapellan, Ørsta	Møre bispedømme
1994	Høgskulelærer, vikar (50%) i religion/etikk i førskulelærerutdanninga	Høgskulen i Volda
1992	Vikar kateket (70%) , Ørsta	Ørsta fellesråd
1991	Vikarprest, Gursken, Søre-Sunnmøre	Møre bispedømme
1990	Vikarprest (50%), Volda, Søre-Sunnmøre	Møre bispedømme
1985-1990	Sokneprest Karlsøy	Nord-Hålogaland bispedømme
1985	Vikarprest, Østre Aker	Oslo bispedømme

RELEVANTE VERV

Årstall	Verv/rolle	Kommentar
2016 -	Medlem i nasjonalt kyrkjeleg pilegrimsutval	
2009 -2010	Medlem av styret i Møre kyrkjesongforbund	

VIKTIGE PUBLIKASJONER (EVT.)

SPRÅK

Norsk (begge målføre)

Engelsk (munnleg)

ANDRE OPPLYSNINGER, PROSJEKTER E.L.

Fleire prosjekt i skjeringspunktet kyrkje-kultur. Nokre døme:

- 1998 «Frå vogge til grav» - eit dramaprojekt for ungdomsskuletrinnet. Eit samarbeid mellom Ørsta kyrkje og Ørsta ungdomsskule. Medansvarleg tekst/regi.
- 2004 «Rose i natta» - eit kyrkjespel. Ansvarleg for tekst/regi/skodespel, i samarbeid med Ørsta kyrkjekor. (FOU-prosjekt Drama, HVO) Også framført som del av gudsteneste i høve Landskonferansen for prestar i helsesektoren, Ålesund 2008.
- 2007 «Paradiset» - eit kyrkjespel i høve Volda kyrkje 75 år. Eit skule-kyrkjesamarbeid; 5-klasse trinnet. Medansvar planlegging og regi. (Frivillig arbeid)



DEN NORSKE KIRKE
Stavanger bispedømmeråd

Bispenominasjon i Stavanger

svar på spørsmål

Svarene skal til sammen ikke være lengre enn tre A4-sider, med den skriftstørrelsen og formateringen som nå ligger i dokumentet.

NAVN: SIGRID SIGMUNDSTAD

1. HVA GIR DEG LYST TIL Å BLI BISKOP I STAVANGER BISPEDØMME?

Eg er glad for at kyrkja har ei ordning der ein blir kalla til tenesta som biskop, og at ein ikkje sjølv søker ein slik posisjon. Då eg vart spurt om eg var villig til å bli vurdert som mogleg bispekandidat svara eg ja. Det gjorde eg fordi eg ynskjer å ta medansvar for kyrkja vår med den erfaringa og kompetansen eg har. Om eg best kan ta dette ansvaret der eg er eller som biskop i Stavanger bispedøme er eg glad for at andre skal ta den endelege avgjerda om.

2. HVORDAN VIL DU KARAKTERISERE DEG SELV SOM PERSON?

Sosialt kan eg vere ein ganske forsiktig og stille person, som likar meg best i mindre grupper. Eg trur eg er rimeleg god på å lytte meg inn til personar og situasjonar og slik finne løysingar saman med andre. Det betyr at eg trivs best når eg får jobbe prosessorientert. Eg kan likevel ta sjølvstendige avgjerer når det er naudsynt. Eg trur også eg har god analytisk evne og slik kan bidra til å sette tenlege mål og strategiar for det arbeidet som skal gjerast. Eg trur eg er rimeleg god på å sjå og motivere andre.

3. HVILKET KJENNSKAP HAR DU TIL BISPEDØMMET OG DE KRISTNE OG KULTURELLE TRADISJONENE HER?

Eg har vakse opp på Fister i Hjelmeland kommune og gjekk gymnaset i Stavanger. Oppveksten i Ryfylke har gitt meg god kjennskap til dei kristne og kulturelle røtene i bispedømmet. Det betyr at eg er godt kjend med mangfaldet i det kristne organisasjonslivet i Rogaland. Sjølv har eg mine røter i KFUK/M og er oppvaksten i ein tradisjon der både den lokale kyrkja og bedehuset er viktig. I dag er eg med i ei av dei lokale kvinneforeiningane til Det Norske Misjonselskapet. I 2013 kom eg tilbake til Rogaland som prost i Ryfylke. Eg merkar at sjølv om eg har vore vekke i mange år, har eg eit godt bakteppe for å kunne forstå Rogalandskulturen også i dag.

4. BESKRIV KORT DIN TEOLOGISKE PROFIL OG DITT STÅSTED I DEN NORSKE KIRKE?

Eg reknar meg som ein teolog som er sentralt forankra i evangelisk-luthersk teologi, og som let dette prege mitt daglege arbeid som prest og prost i Den norske kyrkja.

5. HVA ER KJERNEN I DIN FORKYNNELSE?

Eg trur eg kan seie at eg er Kristus-sentrert i mi forkynning, og legg vinn på å bringe dei bibelske tekstene i kontakt med det daglege livet. Eg går til tekstene både med min teologiske kompetanse og med bøn om at Den heilage ande vil la meg kome i berøring med den levande Jesus Kristus. I forkynninga mi prøver eg å formidle noko av det eg sjølv møter i arbeid med bibeltekstene. Eg ynskjer at forkynninga skal legge til rette for personlege møter med Jesus Kristus.

6. HVA ER KIRKENS HOVEDUTFORDRINGER I DAG, OG I TIDEN FRAMOVER, SLIK DU SER DET?

Eg tenkjer at kyrkja si hovudutfordring i dag er å kome i kontakt med folket som den er sett til å vere kyrkje for. Den breiaste kontaktflata har kyrkja ved dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferder. Det arbeidet me gjer ved desse møtepunktta trur eg det er viktig å halde høg kvalitet på. Det er her, og i det diakonale arbeidet og når me er samla til gudsteneste, at me på ein særskilt måte er saman med Jesus på vandring langs stiar og gater i vår tid. Ei anna hovudutfordring er å sørge for god trusopplæring både for born og vaksne. Kyrkja har dei siste åra gjennomført ei omfattande trusopplæringsreform for døypte i aldersgruppa 0-18 år. Mykje av dette arbeidet er avhengig av frivillig innsats. Me har som kyrkje ei stor utfordring i å gi fleire vaksne frimod til å sjå seg sjølv som ein viktig ressurs inn i dette arbeidet. Den siste hovudutfordringa tenkjer eg er å byggje opp gode og tenlege strukturar for kyrkja sitt arbeid på alle nivå . Gode strukturar, slik eg tenkjer det, er strukturar som set kyrkja sine tillitsvalde og tilsette i stand til å legge til rette for ei open og nærverande kyrkje i sitt lokalmiljø. Gode strukturar kvalitetssikrar arbeidet, og gir tydelege og trygge rammer å jobbe innafør. Dette arbeidet må sjølvstendig ha høg prioritet når kyrkja frå 2017 blir ei sjølvstendig folkekyrkje.

7. HVILKE VISJONER HAR DU FOR STAVANGER BISPEDØMME OG DEN NORSKE KIRKE FRAMOVER?

Visjonen min er at me alle skal få vita at Guds bankande hjarte ikkje er langt borte frå nokon av oss. At me er elska av Skaparen vår. At kjærleiken er sterkare enn døden. At nåden i Jesus Kristus har kraft til å reise oss opp frå djupast mørker. Min visjon er at Stavanger bispedømme og Den norske kyrkja skal leggje til rette for gode møteplassar der me kjenner oss velkomne og trygge, der Guds bankande hjarte kan erfarast i ord og handling, i nabolaget, i kyrkja og på bedehuset. Og ikkje minst: at Ord og sakrament rikeleg får rom mellom oss slik at me alle stadig blir minte om at det er hos Gud me høyrer til. I visjonsdokumentet for Den norske kyrkja og Stavanger bispedømme «Meir himmel på jorda», seiest det slik: «Kyrkja vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus ved å vere vedkjennande, open, tenande og misjonerande». Dette er ein visjon eg deler og med glede jobbar for.

8. HVA ER DIN FORSTÅELSE AV BISKOPENS ROLLE I KIRKEN?

- Biskopen har ansvar for å sjå til at kyrkja i alle ledd utfører sine oppgåver i samsvar med kyrkja si lære, ordningar og strategiske planar.
- Biskopane har eit særskilt ansvar for «å fremja og verna einskapen i Guds kyrkje». For meg handlar det først og fremst om å peike på han som er Herren vår: Jesus Kristus – og som bind saman også på tvers av det som skil. Det betyr også at biskopane har eit ansvar for respektfull dialog ikkje berre internt i kyrkja men òg i møte med andre kyrkje- og trussamfunn.

- Biskopane har ansvar for å vere med i den alminnelege samfunnsdebatten når viktige verdispørsmål er eller treng å setjast på dagsorden.

9. HVA VIL DU LEGGE MEST VEKT PÅ FOR Å IVARETA BISKOPENS ROLLE SOM KIRKELIG LEDER MED TILSYNSANSVAR I BISPEDØMMET?

Tilsyn handlar, slik eg ser det, om å legge til rette for god dialog på alle nivå i kyrkja om kva som er kyrkja sitt hovudsansvar, og korleis me best kan legge til rette for at den lokale kyrkja kan gjere det arbeidet den er sett til å gjera. For å kunne føre tilsyn må biskopen ha god kontakt med dei områda og folka han eller ho har tilsynsansvar for. Prostane har ein nøkkelposisjon i kontakta ut i kyrkjelydane. I Tjenesteordning for biskoper §14 står det: «Biskopen (...) har prostene som sine medhjelpere i utøvelsen av sin gjerning.» Det betyr at det vil vere viktig at biskopen legg vekt på å ha god kontakt med prostane, og legg til rette for at dei har den støtte og dei ressursane dei treng for å kunne vere gode leiarar i prostia. Ved bispevistas får biskopen sjølv høve til å kome tettare på dei lokale kyrkjelydane for å lytte, vegleie og oppmuntre. Eg tenkjer òg at utan staben ved bispedømekontoret, den fagkompetansen og ressursane dei disponerer, vil det ikkje vere mogleg for biskopen å gjennomføre tilsynsansvaret på ein god måte. Tilsyn handlar om å ta tid til samtalar og samarbeid om dei viktige tinga.

10. HVORDAN VIL DU SOM BISKOP I STAVANGER BISPEDØMME IVARETA DET TEOLOGISKE MANGFOLDET I BISPEDØMMET?

Slik eg ser det, er teologisk mangfald både ein ressurs og ei utfordring. Det er ikkje nytt i vårt bispedøme at ulike teologiske retningar lever side om side og både utfyller og utfordrar kvarandre. Eg tenkjer at kyrkja treng dette mangfaldet. Viss eg skulle bli biskop i Stavanger bispedøme vil eg difor legge til rette for at ulike teologiske standpunkt kan kome fram, og at me samstundes legg vinn på å snakke med og om kvarandre som likeverdige medarbeidarar og kristne. I tillegg vil eg legge vekt på å peike på Han som bind oss saman, og på oppgåvene som me har eit felles ansvar for.

11. HVORDAN FORHOLDER DU DEG TIL AT DET I DEN NORSKE KIRKE ER TO SYN PÅ KIRKELIG VIGSEL AV LIKEKJØNNEDE, OG HVORDAN VIL DU SOM BISKOP FORHOLDE DEG TIL DEM SOM IKKE HAR SAMME SYN SOM DEG?

Det har i Stavanger bispedøme vore store spenningar som fylgje av debatten og vedtaket om å opne for vigsel av likekjønna par. Eg er sjølv prost i eit prosti som har fått merka desse spenningane tydeleg. Det har vore, og er, smertefult i begge leirar. For meg har det vore viktig å prøve og legge til rette for at den enkelte skal kunne stå ope fram med sine standpunkt, og at me samstundes legg vinn på å vise kvarandre respekt og omsorg. Eg er sjølv av dei som har sagt at eg er open for å vie likekjønna par. Eg har full respekt for at andre kjem til eit anna standpunkt i dette spørsmålet, og meiner det er viktig at ingen skal måtte gå på akkord med si overtiding. Difor er eg glad for at kyrkja nå har opna for at begge syn skal kunne praktiserast.

12. HVA KAN DU MED DIN KOMPETANSE TILFØRE BISPEKOLLEGIET OG BISPEMØTET?

- BREI ERFARING FRÅ DET Å VERE PREST I «FØRSTELINJETENESTA»

- ERFARING FRÅ UTALLIGE SJELESORGSAMTALAR, OG KVA DESSE SAMTALANE HAR LÆRT MEG OM KOR VIKTIG TRUA OG KYRKJA ER FOR FOLK

- KUNSTFAGLEG KOMPETANSE SOM KAN VERE VIKTIG I VIDAREUTVILKING AV DET LITURGISKE ARBEIDET I DEN NORSKE KYRKJA

13. HVA VIL VÆRE DITT SÆRLIGE BIDRAG INN I BISPETJENESTEN I STAVANGER BISPEDØMME?

- Ein reflektert samtalepartner, med brei kyrkjeleg erfaring, som er villig til å gå inn i dei utfordringane som bispedømmet har saman med tillitsvalde og tilsette i bispedømmet.
- Aktuell og bibelnær forkynning som kan inspirere og motivere.
- Ein leiar som ynskjer å lytte seg fram til den kompetansen som ligg hos medarbeidarane, og som vil vere med på å gi mot til å bruke den til felles beste.